

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 11.09.2018

Til stades: Gunnar Dalseth, Marta Samland, Angunn Handegard Trå, Sigmund Eiken, Thorleif Gjernes, Liv Bente Steiro, Jan-Tore Huus og Kaia Gulbrandsen

Referent: Kaia

**Sak 2018/49: Godkjenning av innkalling og dagsorden; godkjent.**

**Sak 2018/50: Godkjenning av referat frå styremøte 14.08.18; godkjent**

**Sak 2018/51: Tilstellingar:**

- Invitasjon til oppsummeringsmøte etter turistsesongen 25. september vart sendt ut 15. august. Plakat og påminning på facebook kjem. Parkering på kaien i sommarsesongen er meldt inn som tema.
- Status haustmarknad 6.oktober: Luren 4H er med i kafeen, Lars Tore Haugen i Marine Harvest er førespurt om sponing med fersk laks, Arne Bakke Mælen positiv til å vise trearbeid. Konsert med Hardanger Big Band kl. 11.00. Marknadsføring er viktig, Angunn lager plakat og legg ut på facebook. Rigging fredag 5. oktober frå kl.17.00. Bakeliste. Me treng framleis hjelp om nokon vil vere med – tillaging, baking, sal, komlelaging, opprydding... Velkommen!
- Romjulsbasar – Gunnar sender ut basarbrev til styremedlemmene. Sak på neste møte.
- Juletreffest – Kjellaug Hoås Samland leverer «stafettpinne» vidare til roden Haugen og Vik.

**Sak 2018/52: Eigedomar, investeringar**

- Det er framleis dårleg drenering på oppsida av plassen som resulterer i overvatn ved kraftig regn. Vi arbeider med grunneigar og kommunen om løysingar.
- Liv Bente og LiBe Fair Trade har flytta ut av den tidlige barnehagen. Lokalet er ledig for nye leigetakarar. Ein interessert leigetakar er invitert til å kome og ta ein titt på lokala i kulturhuset, har ikkje respondert i skrivande stund.
- Samrådsmøte med idrettslaget om bruk av lokale i kulturhuset – Gunnar deltok på dette før styremøtet 11. september. Avklart angående privat bruk av gymsal/bruk utanom idrettslagets plan og rydding.
- Overføring av skøyte på Meieriet frå fruktpakkelaget til bygdelaget i gang, oppfølging med ekstra opplysningar til Kartverket.
- Leigeavtale på Meieriet med kjøpar av Kramsjø, Stig Otto Mjelde, er sendt til Mjelde for underskrift, avtalen er utarbeidd saman med advokat frå Advokatfirmaet Harris.
- Generalforsamling for Herand Landhandleri vert 20. september. Innkalling ikkje kome endå, Bjørsvik seier at datoen er klar. Marna Roer og Gunnar Dalseth er innstilt som styrekandidatar for bygdelaget.

**Sak 2018/53: Økonomi / stønad / fristar:**

- Søknað om MVA-kompensasjon sendt, fått kvittering frå Stiftelsestilsynet

**Sak 2018/54: Eventuelt:**

- Takk til dei frivillige som har rydda i kulturstien!

**Neste styremøte tysdag 16.10.18 kl. 19.00 på Herand kulturhus.**